

170  
Utsyn frå Breidablikk.

Det kan vel høva med ei attersyn, når ein forlengst er opp i åri komen.  
Når minni kjem som kvasse tanke-lyn og dreg ein hardhendt fram for samvitsdomen.  
Frå det september-klåre Breidablikk, ein ser so grant kor livet det slo klikk.

Frå nådens barndomsheim ein snøgg drog ut.  
Og ein fekk fader-arven med på ferdi.  
Men denne dyre, fagre eignalut,  
ein øyde snart i svikefulle verdi.  
Ein vener fekk so lange arven rakk - - .  
Dei sidan rømde og gav spott til takk.

So stod ein, sviken, arm og venelaus. Og utan von om nokon livemåte.  
Til sist ein gjorde både svalt og fraus i kalde audni og i fillor våte.  
Og millom svin ein åt dei siste mål. Kom heimatt fatig som ei naki nål.

Slik missferd for so mangt eit manna-barn.  
Men ein får vera fegen når det hender  
at sume kjem seg laus or satans garn,  
og heimatt til sin Gud i naudi vender.  
For mange, livsens slutt vart meir enn svart  
fordi der aldri noko heimreis vart.

Og mang ein kristen ber' på sorg og sår frå denne tankelaus utlandsferdi.  
Dei øyde sine beste ungdomsår i slavekår hjå "fyrsten over verdi".  
Til ovstor skade, og til eigen skam. Ein ser det best når det lid lenger fram.

Vår kristenferd vart ikkje syndefri.  
Me kjøtsens innslag ser, kvar me oss vender.  
Dei gjerningar me fekk å ferdast i,  
so tidt me sulka til med skitne hender..  
So voni om å nå til Himlen fram  
ho eine vert: å lita på Guds Lam.

Johs.M.L.Rydland.